



# Høyringsuttale (KF-340)

Referansenummer: WCYH27

Registrert dato: 23.10.2017 17:14:55

|                                       |   |
|---------------------------------------|---|
| Innleiing                             |   |
| Uttalen blir gjeven                   |   |
| <input type="radio"/> Personleg       | <input checked="" type="radio"/> På vegner av føretak/lag/foreining |
| Opplysningar om føretak/lag/foreining |   |
| Føretak/lag/foreining                 |   |
| Ungdomslaget Heimhug                  |   |
| Namn på innsender                     |   |
| Christine Westervik                   |   |
| Rolle                                 |   |
| Leiar i ungdomslaget                  |   |
| Adresse                               |   |
| Sandvikavegen                         |   |
| Postnummer                            |   |
| 5915                                  |   |
| Poststad                              |   |
| Hjelmås                               |   |
| Telefon                               |   |
| Telefaks                              |   |

|   |
|---|
| Høyringsuttale  |
| Høyringsuttale  |
| Velj høyringsuttale:  |
| <input checked="" type="checkbox"/> Alkoholpolitisk plan  |
| Uttale  |
| Ungdomslaget Heimhug sitt lagshus Ljosheim er eit lite, sjærmerande hus - plassert i ei bygd som husar personar med stor kreativitet og engasjement.<br>Huset sin storleik set likevel rammer for kva arrangement me kan tilby.<br>Me kunne tenkje oss konserter, me kunne tenkje oss humørfestivalar, me kunne tenkje oss revyfestivalar - me likar å tenkje stort, difor tenkte me Stova - ei Storstova der me kan ha arrangement for alle og langt fleire enn innbyggjarane på 5915.<br>Me jobba dugnad, me stod på for å saman kunne samlast i fleirbruksallen - ein hall som kan brukast av fleire, ein hall som kan brukast til fleire ulike arrangement, arrangement med og utan alkoholservering - alt etter formål.<br>Tidlegare har ungdomslaget vore med på å arrangere Humørfestivalar, i ulike skala. Det eine åre vara festivalen i tre dagar til endes; Det var skumparty for ungdommar, foredrag med humørbonden, familiearrangement på dagtid, konser, revyfestival som samla revylag frå eigen- og fleire av nabokommunane våre, avslutta med humørmarsj og gudsteneste i det fri siste dagen.<br>For og få dette til måtte me leige eit stort festivaltelt, lyd- og lysanlegg, hundretals med vaktar, dugnadsfolk og dugnadstimar.. Slikt er veldig, veldig kjekt å få til - men det tar for mykje energi med alt av dugnadsorganisering med å rigge opp og ned telt, i tillegg til den utgiftposten det kostar å leige eit slikt mobilt lokale.<br>Me ynskjer å kunne arrangere likande hendingar i bygda vår - det trudde me at me kunne no når Storstova stod på plass. Hjelp oss slik at me kan få lov til å drive med frivillig arbeid som set bygda og kommunen vår på kartet. La oss få lov til å arrangere festivalar og konserter i Storstova i framtida, med skjenkeløyve. |
| Takk.<br>Ui Heimhug.  |

